



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Rapport 3 2018

Kulturhistoriske registreringar

Fv 48 Herøysund, Kvinnherad kommune

Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

1. Samandrag.....	3
2. Bakgrunn.....	3
3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep	4
4. Metode	6
5. Området.....	6
6. Tidlegare funn - kjende automatisk freda lokalitetar	9
7. Undersøkinga	11
Gnr. 139, bnr. 6	12
Gnr. 139, bnr. 16.....	13
Gnr. 139, bnr. 19.....	14
Gnr. 139, bnr. 15, 7 og 29.....	16
Gnr. 138, bnr. 12.....	19
Liste over sjakter.....	22
8. Konklusjon.....	23
Figur 1. Oversiktskart Kvinnherad med planeområde markert	4
Figur 2. Oversikt over dei arkeologiske periodane.....	5
Figur 3. Kart som viser planområdets plassering i nærområde	7
Figur 4. Kart som viser planområdets plassering.....	8
Figur 5. Automatisk freda kulturminne i nærområde, samt kulturminne som ikkje er freda	9
Figur 6. Omtrentleg plassering av arkeologiske funn i nærområdet, ikkje i "Askeladden"	10
Figur 7. Oversiktskart over planområde, med sjakter.....	11
Figur 8. Oversyn over gnr. 139, bnr. 6.....	12
Figur 9. Sjakter på gnr. 139, bnr. 6	13
Figur 10. Oversyn deler av gnr. 139, bnr. 16 og sjakter	14
Figur 11. Oversyn deler av gnr. 139, bnr. 19.....	15
Figur 12. Oversynskart eigedommar gnr. 139, bnr. 16 og 19	15
Figur 13. Oversyn deler av gnr. 139, bnr. 7.....	17
Figur 14. Sjakt 10 på gnr. 139, bnr. 15 og 7	17
Figur 15. Oversyn av gnr. 139, bnr. 7 og sjakt 11A-G	18
Figur 16. Oversyn av gnr. 139, bnr. 29 og sjakt 12A-F.....	18
Figur 17. Oversynskart eigedommar gnr. 139, bnr. 15,7 og 29.....	19
Figur 18. Oversyn eigedom gnr. 138, bnr. 12.....	20
Figur 19. Oversyn eigedom gnr. 138, bnr.12 og sjakt 13	20
Figur 20. Oversynskart eigedom gnr. 138, bnr. 12 og sjakt 13.....	21
Figur 21. Tabell over sjaktene..	22

Vedlegg

Utskrift frå kulturminnedatabasen «Askeladden».


For feltfoto vises det til HFK sitt fotoarkiv «FotoStation».

1. Samandrag

I samband med detaljregulering for Fv 48 Herøysund, gnr. 139 bnr. 6, 19, 16, 29 mfl. i Kvinnherad kommune, har Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført 23.04-27.04.2018 og 02.05-03.05.2018 av Ailén Moltu Frækhaug, Louise Bjerre Petersen og Henriette Hop Wendelbo. Rapport er skriven av Ailén Moltu Frækhaug. Under registreringa vart det opna 13 sjakter med gravemaskin, ingen av dei var funnførande. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.

2. Bakgrunn

Bakgrunn for undersøkinga er nemnte detaljreguleringsplan som har som føremål å etablere gang- og sykkelveg og bussluker (saksnummer 2017/6238). Det var frå før ikkje kjend automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men i nærområda er det kjend ei rekke kulturminne. På bakgrunn av dei tidlegare kjende funna i nærområda og dei topografiske tilhøva, vart planområdet vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne under markoverflata. Det vart difor naudsynt med ei arkeologisk undersøking.



Figur 1. Oversiktskart Kvinnherad med planeområde markert.

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneskes liv og virke. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. Kulturminneloven § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. Kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom Kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er

automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 000 – 9000 BP	9200 – 8100 BC
	Mellommesolitikum (MM)	9000 – 7500 BP	8100 – 6400 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7500 – 5200 BP	6400 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5200 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 800 AD
	Vikingtid	1210 – 970 BP	800 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 2. Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminneloven § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i Kulturminneloven eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registrert.


4. Metode

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synlege på markoverflata, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald er avhengig av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.


Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid; enten ved at tidlegare tidars busetjingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving. Det er utarbeidd kurver over eldre strandlinjer for Hordaland (Lohne 2006; sjå også Rommundset 2005 og Vasskog 2006). Dette kan vere ein god reiskap til å forstå landskapsendringar over tid. Strandlinjekurver er også ein metode ein nyttar for å datere steinalderlokalitetar innanfor ei gjeve ramme. Ei strandlinjekurve for det gjeldane området er vist på figuren under.

5. Området

Planområdet ligg langs Fv 48 Herøysundvegen, omtrent midt mellom Rosendal og Husnes. Planområdet strekk seg frå gnr. 135, bnr. 10, som ligg lengst nord i planområdet like vest for avkøyring til Bringedalsvegen, til gnr. 139, bnr. 83 lengst sør i planområdet, like aust for Torbergsvika. Alle dei undersøkte områda ligg i dyrka mark, med unntak av gnr. 139, bnr. 19 som i dag vert nytta som hage.




Figur 3. Kart som viser planområdets plassering i nærområdet.




Figur 4. Flyfoto med planområdet markert.

6 Tidlegare funn - kjende automatisk freda lokalitetar



Figur 5. Automatisk freda kulturminne i nærområdet, samt kulturminne som ikkje er freda.

Innanfor sjølve planområdet er det frå før ikkje kjent automatisk freda kulturminne, men i nærområda er det gjort fleire funn (sjå figur 5). Dei fleste kulturminna er registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase «Askeladden». Ein av desse (id 95792), ei gravrøys, ligg like nord for planområdet. Det ligg og eit gravminne, ein gravhaug (id 95791), like aust for planområdet. Eit anna funn som og er registrert i «Askeladden» er ei treflika spenne (id 214139), som ein gong vart nytta for å halde klede på plass. Dette er rekna som eit lausfunn, difor ligg ikkje staden registeret som automatisk freda i «Askeladden».




Figur 6. Omtrentleg plassering av arkeologiske funn i nærrområde som ikkje ligg i "Askeladden".

For utan dei ovanfor nemnde funna, er det og gjort funn som ikkje ligg i «Askeladden», desse kan ein lesa meir om på www.unimus.no. Det er mellom anna funne ei øks frå yngre jernalder på garden Tveit, gnr. 138, bnr. 1. På Bringedal, gnr. 136, bnr. 3 låg det ein gong eit gravminne, der det mellom anna vart funne eit kar i kleberstein frå eldre jernalder. På garden Berge, gnr. 135, er det funne to spydspissar frå jernalder. Det er og kjent fleire forhistoriske funn frå eigeidomen, men desse er diverre gått tapt.

7. Undersøkinga

Registreringa langs Fv 48 Herøysundvegen, vart utført frå 23.04-27.04 og frå 02.05- 03.05 av Ailén Moltu Frækhaug (7 dg), Louise Bjerre Petersen (5 dg) og Henriette Hop Wendelbo (2 dg), i alt 14 dagsverk i felt. I samband med registreringa vart det sjakta med gravemaskin på avgrensa delar av gnr. 139, bnr. 6, 16, 19, 7, 15, 29, samt gnr. 138, bnr. 12. Det vart til saman grave 13 sjakter, der alle var negative (ingen funn).

Det vart i hovudsak teke sikte på (der det var føremålstenleg), å leggje sjaktene innanfor arealet kor sjølve veginfrastrukturen skal gå. Enkelte stader har ein gått nokon meter utanfor planlagt vegtrasé, som på gnr. 139, bnr.19, kor området består av eit svært avgrensa areal i utstrekking, og kor store deler av arealet er berg eller skrint overdekke. Med tanke på tryggleik vart sjaktene lagt minimum 7 meter frå Fv 48. I område der planlagt trasé er noko smal, vart sjaktene lagt langs med vegen, medan i område der den skal vere breiare, vart sjaktene lagt på tvers av området. Dersom undergrunnen var tydeleg forstyrta av moderne påverknad, for eksempel av grøfter, påførde massar, eller forstyrta på andre måtar, vart det avgjort å flytte maskina vidare nokre meter, då det var lite sannsynleg å finna bevarte kulturminne.



Figur 7. Oversiktskart over planområdet, med sjakter.


Gnr. 139, bnr. 6

Gnr. 139, bnr. 6 ligg i dyrka mark. Terrenget skrånar moderat frå vegen i sør mot sjøen i nord. Lengst aust-nord aust på marka går ein veg, vest for denne ligg ei knaus. På marka sin vestlege del, mellom sjakt 4 og 5, er det berg.

Før oppstart med maskin vart det gjort ei synfaring med grunneigar, der vi fekk opplysningar om grøfter og vassrøyr, noko vi tok omsyn til i samband med gravinga. På eigedommen vart det grave fem sjakter (sjakt 1-5), kor alle var funntomme. Grunnen ber preg av fleire moderne grøfter, som ligg med eit intervall på om lag 2-3 meter. Dei fleste grøftene verkar tørre, med nokre unntak. Undergrunnsmassane mellom grøftene består i all hovudsak av gråbrun silt- og grusblanda sand med stein i ulik storleik og med innslag av oransje sand. Fleire stader er massane i sjakta omrota og moglegvis påført.



Figur 8. Oversyn over gnr. 139, bnr. 6.



Figur 9. Sjakter på gnr. 139, bnr. 6.

Gnr. 139, bnr. 16

Gnr. 139, bnr. 16 grensar til bnr. 6 i austleg retning. Området ligg i dyrka mark. Om lag midt på marka renn ei elv i røyr under overflata, truleg orientert omtrentleg nord-sør. Marka grensar lengst sør til ein grusveg. Det vart grave to sjakter orientert omtrentleg nordnordaust-sørsørvest, der begge var funntomme. Arealet som vart sjakta strekk seg frå grusvegen til om lag der elva går i røyr, terrenget skrånar noko frå sør mot nord. Det er svært skrint på marka, berre 30-40 cm djupt, undergrunn består av oransjegul til raudbrun siltblanda sand med mykje små- til nevestore stein, fleire steinopptrekk.




Figur 10. oversyn deler av gnr. 139, bnr. 16 og sjakter.

Gnr. 139, bnr. 19

Gnr. 139, bnr. 19 ligg i dyrka mark på sørsida av vegen, vest for bnr. 16. Marka vert i dag nytta som hage av eigar. Marka skrånar frå sør mot nord, i austlege og nordaustlege del av marka er stort sett berg og elles skrint. Det vart her grave to mindre sjakter (sjakt 8 og 9) orientert omtrentleg nordvest-søraust og vestnordvest-sørsøraust. Sjakt 8 har undergrunn av oransje-raud siltblanda sand med nokre småstein. Det er fleire kolhaldige flekker i sjakta sin søraustlege del, irregulære i fasong og med store kolbitar. I profil viser dei seg å vera iblanda matjord og undergrunnsmassar. Det ligg og noko moderne skrot i den eine. Dei kolhaldige flekkene vart avskrivne som moderne forstyrringar. I det siste stykket av sjakta i retning vegen, var det omrota og mykje stor stein, truleg frå påførte massar. I sjakt 9 ber undergrunnen tydeleg preg av å være omrota.



Figur 11. Oversyn deler av gnr. 139, bnr. 19.



Figur 12. Oversynskart eigedommar gnr. 139, bnr. 16 og 19.

Gnr 139, bnr. 15, 7 og 29

Dei tre områda ligg i dyrka mark og grensar til kvarandre. Alle ligg i moderat hellande terreng som skrånar frå vegen i sør mot sjøen i nord. Før oppstart med maskin vart det gjort ei synfaring med forpaktar, der vi fekk opplysningar om grøftar og vassrøyr, noko vi tok omsyn til i samband med gravinga.

Sjakt 10 går over to bruksnummer, dei fyrste meterane av den vest-sørvestlege delen av sjakta ligg på bnr. 15, medan resten ligg på bnr. 7. Sjakta er orientert vestsørvest-nordnord aust. Undergrunnen består av oransje siltblanda sand med nokre mindre kolhaldige flekker lengst mot sørvest, moglegvis rest etter dyrking, elles ein del neve- til hovudstore stein. Marka skal i følge ein nabo (lokalhistorikar) vera dyrka opp med hest og kjerre.

Sjakt 11A-G ligg på bnr.7, like aust for sideveg som går på tvers av marka. Sjakta er orientert vestsørvest-nordnordvest. I sjakt 11 ligg det fleire grøfter tett på kvarandre og undergrunnen er tydeleg omrota av moderne forstyrringar. Med bakgrunn i dette valde vi å hoppa over nokon meter på dei plassane det vart for omrota og prega av moderne forstyrringar.

Sjakt 12 A-F ligg på bnr. 29, like aust for sjakt 11, på austsida av elva og har same orientering som sjakt 11. I den fyrste delen av sjakta (sjakt 12 A-C) er det berre berg. Vi flytte difor nokon meter. I 12 D og E er det omrota massar og grøfter. I sjakt 12 F er det fleire grøfter, men undergrunnen virkar elles relativt uforstyrra. Den består i hovudsak av grå- til gråblå silt.



Figur 13. Oversyn deler av gnr. 139, bnr. 7.




Figur 14. Sjakt 10 på gnr. 139, bnr. 15 og 7.



Figur 15. Oversyn av gnr. 139, bnr. 7 og sjakt 11A-G.



Figur 16. Oversyn av gnr. 139, bnr. 29 og sjakt 12A-F.



Figur 17. Oversynskart eigedommar gnr. 139, bnr. 15,7 og 29.

Gnr. 138, bnr. 12


Gnr. 138, bnr. 12 ligg i dyrka mark, lengst nordaust av dei undersøkte områda. Terrenget kan beskrivast som relativt flatt. I nord grensar området til elva og bnr. 34, medan det i sør grensar til bnr. 16. Det går eit dreneringsrøyr under bakken frå sørvestlege hjørne av marka, truleg går det mot elva i nord. Det vart grave ei sjakt (sjakt 13), denne er som hovudvegen orientert nordaust-sørvest. Undergrunnen i sjakta består i hovudsak av oransje siltblanda sand med noko stein. Det er mykje stor stein og elles forstyrra lengst nordaust og sørvest i sjakta.



Figur 18. Oversyn egedom gnr. 138, bnr. 12.



Figur 19. Oversyn egedom gnr. 138, bnr.12 og sjakt 13.



Figur 20. Oversynskart eigedom gnr. 138, bnr. 12 og sjakt 13.

Liste over sjakter

Sjakt	Lengde m	Breidde m	Djupne cm	Orient.	Gnr/bnr
1	38 m	3 m	25-40 cm	NNV-SSA	139/6
2	23 m	3 m	25-40 cm	NNA-SSV	139/6
3	27 m	3 m	25-40 cm	NNV-SSA	139/6
4	33 m	3 m	25-40 cm	NNV-SSA	139/6
5	33 m	3 m	25-40 cm	NNV-SSA	139/6
6	20 m	3 m	30-40 cm	NNA-SSV	139/16
7	11 m	3 m	30-40 cm	ANA-VSV	139/16
8	14 m	3 m	20-35 cm	NNV-SSA	139/19
9	14 m	3 m	25-30 cm	VNV-ASA	139/19
10	49 m	3-5 m	40-120 cm	NA-SV	139/15 og 7
11A-G	Ca 35 m (til saman)	3 m	35-70 cm	NA-SV	139/7
12A-F	Ca 80 m (til saman)	3 m	30-80 cm	NA-SV	139/29
13	29 m	3 m	25-50 cm	NA-SV	138/12

Figur 21. Tabell over sjaktene.

8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa langs Fv 48 Herøysundvegen i Kvinnherad kommune på gnr. 139, bnr. 6,16,19 mfl. vart gjennomført i perioden 23.04-27.04.2018 og 02.05-03.05.2018. Ved undersøkinga vart det ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne som kjem inn under Kulturminnelova § 4.


Litteratur

Lohne, Ø.S. 2006: *SeaCurve_v1 – Teoretisk beregning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater (MS Excel regneark)*.

Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyvning på sørlige Bømlo*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen

Kulturminnedatabasen <https://askeladden.ra.no>



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

